



**PROSJEKTKONTAKT:** Else Brynestad er sentral for samarbeidet skule/næringsliv. Heilt til høgre Agathe Lunde Bergset frå PwC.



**LÅGARE OVERSKOT:** F.v. Lina Synneve Kvamme Gjertsen, Alida Bruland og Hannah Carlsen tok føre seg «Bilverkstaden AS», og fann også der at overskotet gjekk ned med auka kostnader.



**MOTE BUTIKK:** Frå v: Ane Tønden Nesje, Richard Solar og Mathias Skåden hadde sett opp rekneskap, resultat og budsjett for klebutikken «Gunnars mote» og hadde flott PR-intro på skjerm



**LÆRER ARBEIDSLIV:** Niandeklassingar, lærarar og Agathe Lunde Bergset frå PwC samla etter presentasjon av oppgåver.

● Niandeklassingar har samarbeidd med næringslivet:

# Praktisk læring om arbeidslivet

Niandeklassingar ved Olden skule fekk sist veke synt fram kva dei har lært av samarbeidet med PwC-avdelinga i Stryn.

Lektor2-satsinga er finansiert av Kunnskapsdepartementet og skal i hovudsak stimulere elevane si interesse og motivasjon for realfag. Det er Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo som leiar og driftar satsinga. Denne satsinga inneber at skular og næringsliv samarbeider for å gje elevane best mogleg grunnlag for læringsutbytte.

## Framtida

Niandeklassingane i Olden har samarbeidd med PwC (Price waterhouse Coopers AS) si Stryn-avdeling. Rådgjeving, re-

kneskap, revisjon, skatt- og avgift og administrasjon er litt av verksemda sine arbeidsområde.

– Elevane får oppdrag med konkrete oppgåver frå samarbeidsbedrifta, får vi opplyst av Andreas Søndena og Else Brynestad, kontaktlærarar for Lektor2-arbeidet ved Olden skule. Dette er andre året skulen deltek i programmet.

– I år har gruppene jobba med rekneskap og budsjett, fortel Søndena. Lærarane meiner elevane har godt av å sjå korleis økonomistyring for bedrifter skjer i praksis.

Tre grupper presenterte sine prosjekt for Agathe Lunde Bergset frå PwC. Oppgåvene var å analysere tre fiktive bedrifter etter konkrete tal dei hadde fått. Ei gruppe presenterte klebutikken "Gunnars



**AUKE INNTEKT:** «Kaffi og Kake AS», her fann frå v: Lene Egset, Håvard Tonning og Filip Tøsse at verksemda måtte drive meir reklame for å auke inntekter.

mote", ei anna gruppe fortalde om serveringsbedrifta "Kaffi og Kake AS" og den tredje tok føre seg "Bilverkstaden AS".

Agathe Lunde Bergset gav gruppene gode tilbakemeldin-

bruke verktøy, kommenterte Lunde Bergset og la til at elevane jo er potensielle medarbeidarar for bedrifter i Stryn.

I fjor var Sparebanken Sogn og Fjordane samarbeidspartnar for Olden skule, og årets niandeklassingar får banken som medspelar neste skuleår.

– Oppgåvene var fornuftige og reelle for elevane, noko dei kan lære av i praksis og ta med seg inn i arbeidslivet, seier Else Brynestad. Begge lærarane meiner partnarane dei har brukt har gjeve relevante utfordringar til elevane.

– I fjor fekk elevane mellom anna lære om kredittlån, persønleg økonomi og å rekne på renter. Det kjem godt med, seier Søndena.

**ANNE-MARIE AALBERG**  
redaksjon@fjordingen.no